



HELGE VATSHELLE
Hindenesvegen 134
5993 OSTEREIDET

Vår dato:
11.04.2023

Vår ref:
2023/4042

Dykkar dato:
Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon
Helen Haaland, 5764 3080

Svar på klage - produksjons- og avløysartilskot 2022

Vi viser til klage på Alver kommune sitt vedtak om avkorting i produksjonstilskot 2022. Klaga er datert 21.02.2023. Alver kommune sende saka over til Statsforvaltaren 23.02.2023.

Vedtak

Klagen vert ikkje teken til følgje. Alver kommune sitt vedtak for føretaket, Helge Vatshelle, org.nummer 970393900, for søknadsomgangen 2022 står ved lag.

Dette vedtaket er endeleg og kan ikkje påklagast, jf. forvaltningslova § 28.

Bakgrunn

Føretaket Helge Vatshelle sökte i oktober 2022 om tilskot til 6 mjølkekyr og 6 andre storfe. Etter at kommunen var på kontroll, viste det seg at det var ført på ei mjølkekku som ikkje hadde kalva siste 15 månadane, den vart overført til koden øvrig storfe. Det vart avkorta kr 9 923 for feilopplysningar i medhald av forskrifta § 12.

Du meiner at dette er eit urimeleg trekk og klagar på vedtaket.

Regelverk

I følge *forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket* (forskrifta) går det fram av § 12 at «*dersom foretaket uaktsomt eller forsettlig har gitt feil opplysninger i søknaden som har eller ville dannet grunnlag for en urettmessig utbetaling av tilskuddet for seg selv eller andre, kan hele eller deler av det samlede tilskuddet som tilfaller foretaket avkortes.*»

Statsforvaltaren si vurdering

Statsforvaltaren skal, som klageinstans, sjå til at kommunen under si handsaming av saka har følgd dei lover, forskrifter og sakshandsamingsreglar som gjeld på området. Statsforvaltaren kan ved klagehandsaminga prøve alle sider ved saka, også dei skjønnsmessige vurderingane som kommunen har gjort, jf. forvaltningslova § 34. Det er klaga innan fristen.

I jordbruksavtalen i kap 7.2.2 står det under definisjon av dyreslag mv. «*Melkeku: Ku som har kalvet i løpet av de siste 15 måneder (18 måneder for kyr av bevaringsverdig rase) og som er i melkeproduksjon*



hos foretak som enten har disponibel kvote eller lokalforedelingskvote». Dette er eit krav det ikkje kan dispenserast frå.

Du har søkt om tilskot til ei ku som ikkje oppfyller krava til kalvingsintervall for mjølkeku. Du brukte tala frå kukontrollen når du søkte. Kua var på søkjetidspunktet drektig og skulle framleis vere i produksjon. Du rekna difor at dette var ei mjølkeku og sjekka difor ikkje definisjonen.

Du seier at du **søkte** i god tru, men når det er gitt ein feilopplysning som kan føre til meirutbetaling skal forvaltinga alltid vurdere om det skal avkortast i tilskotet. Det skal også takast omsyn til om føretaket har handla aktlaust eller med forsett. Avkorting er ein «kan» regel, men avkorting skal alltid vurderast og utgangspunktet er at det skal avkortast når det er gitt ein feilopplysning som har eller kunne ha gitt ei meirutbetaling.

Tilskotsmottakarar er sjølvstendig næringsdrivande, og det vert stilt strenge krav til aktsemda. Det vert forventa at søker set seg inn i regelverket som gjeld tilskotet det vart søkt på. Søker vil difor skjeldan ha gitt feilopplysningar i aktsam god tru.

Kommunen fann at det var ein differanse på kr 9 923 mellom sum omsøkt tilskot og utbetaadt tilskot. Alver kommune har vurdert skuldgrada til å vere simpelt aktlaust og avkorta den summen feilføringa ville ha gjeve i meirutbetaling av tilskot.

Vi er samde med kommunen om at du burde ha visst at dette var feil, og at du difor har handla slik regelverket kallar simpelt aktlaust. Kor mykje som skal avkortast må vurderast konkret i kvar enkelt sak. Hovudregelen er at føretaket skal avkortast eit beløp tilsvarende meirutbetalinga. Kommunen har vurdert avkortinga etter hovudregelen i rundskriva, noko som vi finn rimeleg i denne saka. Vi opprettheld difor Alver kommune sitt vedtak.

Med helsing

Bjørn Harald Haugsvær
ass. landbruksdirektør

Helen Haaland
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
Alver kommune

Postboks 4

5906

FREKHAUG